



## Sykkylven kommune

Tekniske tenester

Kommunal og regionaldepartementet  
Postboks 8112  
0032 OSLO

Dykkar dato: 12.06.2009  
Dykkar ref.:

Vår dato: 13.07.2009  
Vår ref.: 2009/47-6079/2009  
Klassering: 020

Saksbeh.: Njell Hoftun  
Telefon: 70 24 67 11

### Uttale - Forslag til endring av teknisk forskrift § 7-32 Sikkerheit mot naturpåkjenningar.

Sykkylven kommune er svært positiv til at ein no søker å gjere endringar i teknisk forskrift som kan opne for vidare utvikling i bygdene langs Storfjorden. Kommune har likevel fleire merknadar til høyringsframlegget.

Sykkylven kommune ligg innanfor det området som kan bli råka av ei flodbølgje som følgje av ras i Åkneset. Oppskyllingshøgda i Sykkylven er berekna til 2 – 3 meter. Ut frå omsyn til maksimal springflo og ei ekstra sikring på 25% over dette, er risikogrensa sett til 6 moh i kommunen.

Det betyr at store delar av Sykkylven sentrum med forretningar og bustadar, samt skule, kultur og idrettsområde, er risikoutsett. I tillegg kjem store delar av industrien rundt Sykkylvsfjorden, som i stor grad har produksjonslokala sine i strandsona.

Sykkylven kommune har følgjande merknadar til høyringsframlegget:

#### 1. ledd om tryggleik mot skred:

##### Forskrifta:

Byggverk hvor konsekvensen av et skred, herunder sekundærvirkninger av skred, er særlig stor skal ikke plasseres i skredfarlig område.

Døme på bygningar dette gjeld er:

- Bygningar som må fungere i beredskapssituasjonar, t.d. sjukehus, brannvesen, politistasjonar, sivilforsvarsanlegg og infrastruktur av stor samfunnsmessig interesse slik som telekommunikasjon og energiforsyning.
- Bygningar med personar som ikkje kan evakuerast med eiga hjelp, t.d. sjukeheimar og einssilde rehabiliteringsinstitusjonar.
- Byggverk og installasjonar som kan medføre akutt forureining, slik som tankanlegg for lagring/omsetting av drivstoff.

Forslaget til endring omfattar også tiltak på eksisterande bygg.

##### Merknad:

Grunnlaget for arbeidet med endring/oppmjuking av regelverket har vore etablering av eit overvaking og varslingsystem som gjer at ein i god tid før raset kjem kan varsle og evakuere dei områda som blir råka av flodbølgja.

Dette er basert på kunnskap om utvikling av store fjellskred, der ein ser at fjellet sjølv varslar gjennom ei gradvis oppbygging av aktiviteten. Ved hjelp av avansert måleutstyr har ein no etablert eit overvåkings- og varslingsystem for Åknes/Taffjord som gjer at ein med stor sannsynlegheit kan evakuere dei utsette områda i god tid før eit ras går.

Sykkylven kommune er tilknytt dette varslingsystemet. Kommunen har utarbeida eigen beredskapsplan for denne situasjonen. I løpet av 2009 vil det bli montert opp tyfonvarslingsanlegg i kommunen, samt at aktuelle bedrifter innarbeider denne situasjonen i sine beredskapsplanar og knyter seg direkte opp til varslingsstenesta.

Sykkylven kommune meiner ut frå dette at ulukkessituasjonen i kommunen ikkje vil vere ein akuttstusjon. Dette vert understøtta av departementet si eiga føresetnad om minst 72 timars varslingsstid, jfr. høyringsnotatet.

Omsynet til liv og helse er ivareteke gjennom det etablerte overvåkingsystemet. Ein står då att med materielle kostnader. Agenda AS konkluderer med at risiko for materielle tap først og fremst vil vere knytt til omfang av eksisterande bebyggelse. Auke i samla risiko vil truleg vere marginal, men naturleg nok avhengig av den lokale veksten (Agenda). Etter Agenda si vurdering vil " muligheten for byggetillatelse fremme lokal utvikling, men dette vil neppe føre til noe dramatisk økning i risiko."

Store delar av industrien i kommunen ligg under 6 moh. Det same gjeld mykje av sentrum og kulturområde med skular, kyrkje og kulturhus.

Det er avgjerande for framtidig utvikling i kommunen at industribedriftene som ligg innanfor oppskyllingssona får høve til å vidareutvikle seg der dei ligg. Økonomi, arealbruk og eksisterande infrastruktur tilseier at flytting av bedrifter vil vere ei umogleg sak.

Sykkylven sentrum er i dag avgrensa av bandlagte fornminne på to kantar, terreng og eksisterande busetting på ein kant. Planlagt utviding er mot sjø. Det ligg føre planar for etablering av bustadar, kontor, forretningslokaler, mm. der det tidlegare var godsterminal.

Sjøfronten er det mest attraktive arealet kommunen har for utvikling og vekst i sentrum. Skal kommunen halde oppe folketal og tenesteproduksjon, vert eit attraktivt sentrum vurdert som svært viktig.

På dette grunnlag meiner Sykkylven kommune at forskriftsendringa i større grad må opne for etablering av ulike typar bygg i oppskyllingssona.

### **3.ledd pkt. a – Krav om at utbygging skal vere avklart i plan.**

#### **Forskrifta**

Departementet set krav om ein planprosess som sikrar at:

- arealbruk og samsvar med ein heileskapeleg plan vert belyst
- ROS-analyse vert gjennomført
- samfunnsøkonomiske konsekvensar av byggeforbud vert utgreidd
- vurderte alternative plasseringar vert dokumentert
- samfunnsøkonomiske tiltak for å sikre mot ulukker vert dokumentert
- fagetatar som NVE, fylkesmann, DSB, mv. vert involvert i planprosessen.

Departementet set også krav om at planprosessen må vere gjennomført etter at endringane i teknisk forskrift er vedtekne og tredt i kraft.

#### **Merknad**

Kravet om at planprosessane må vere gjennomførte etter at forskrifta er vedteken og iverksett er eit svært vanskeleg punkt å godta.

Sykkylven kommune er midt opp i rullering av arealdelen i kommuneplanen (planlagt 1.gangs høyring hausten 2009) og kommunedelplan for sentrum/Ikornnes (1.gangs høyring hausten 2008). Kommunedelplan for Straumgjerde vart vedteken i 2002, med planlagt hovudrullering 2014. I tillegg har kommunen starta eit omfattande rulleringsarbeid av store hytteområde kring Nysætervatnet, samt at det skal gjerast ei løpande handsaming av detaljplanar.

Sykkylven kommune har lenge vore ein vekstkommune med til dels høg byggeaktivitet. Gjennom endringar i lover og reglar er planprosessane blitt vesentleg meir arbeidskrevjande med åra. Kommunen vil i praksis ikkje ha kapasitet til å ajourføre alle aktuelle planar med nye planprosessar innanfor kort tid. Det vil igjen føre til at ein risikerer å stoppe viktige utviklingstiltak.

Sykkylven kommune meiner at utarbeida planar må kunne settast ut i livet når krav om ROS-analyse, konsekvensutgreiingar, mm. syner at dette er forsvarleg, sjølv om plangrunnlaget er utarbeida før forskriftsendringa vart vedteken.

Sykkylven kommune meiner at det må kunne praktiserast ein overgangsperiode på 8-10 år som gir kommunen høve til å fullføre igangsette planprosessar etter oppsett tidsplan, og rullere andre planar i takt med vedteken rulleringsplan.

### **3.ledd pkt b – Krav om at personsikkerheten må vere ivareteken.**

#### **Forskrifta**

Forskrifta seier at personsikkerheten må vere ivareteken ved eit forsvarleg system for overvaking, varsling og evakuering, og at det er gjort ei særskild vurdering av om det skal vere restriksjonar for oppføring av byggverk som er vanskelege å evakuere.

#### **Merknad**

Departementet sine merknadar til dette punktet omtalar i praksis beredskapssystemet som er etablert gjennom Åknes/Tafjord-prosjektet, og som Sykkylven kommune er deltakar i.

Sykkylven kommune har ikkje merknad til dette punktet.

### **3.ledd pkt c – Konsekvensane av eit byggeforbod for lokalsamfunnet er alvorlig og utbygging er av avgjerende samfunnsmessig betydning.**

#### **Forskrifta**

Departementet presiserer at om det finns alternative og trygge areal som kan byggast på, vil det ikkje vere relevant for vurderingane at desse areala er mindre attraktive.

Vidare skal vurderinga av om utbygging er av avgjerande samfunnsmessig betydning gjerast på bakgrunn av ei samfunnsøkonomisk kost-nytte analyse.

#### **Merknad**

Sykkylven kommune meiner attraktivitet må vere med som eit moment i vurderingane.

I dagens situasjon er einaste utvidingsmoglegheit for Sykkylven sentrum mot sjø. Kommunen har i fleire år kjempa for å få opne opp for utviding i andre retningar. Bandlagte fornminne har sett ein effektiv stoppar for det.

Sykkylven kommune ligg nær Ålesund. Kommunen må kjempe om å trekke til seg kvalifisert arbeidskraft. Eit attraktivt sentrum vert vurdert som ein nøkkelfaktor for Sykkylven i kampen om arbeidskraft. Sentrum må då få utviklast i den einaste retninga det faktisk er mogleg.

Utvikling av sjøfronten vil bygge vidare på dagens kompakte sentrum, og gi sentrum tilbake tidlegare tiders sjøkontakt.

For Sykkylven vil det vere heilt uakseptabelt om tolkinga av krava i pkt. c vil føre til at sjøfronten i Sykkylven sentrum ikkje vil kunne byggast ut. Dette kan ikkje akseptrast av kommunen.

Når det gjeld kravet om samfunnsøkonomisk kost-nytte analyse som grunnlag for avgjerd, merkar Sykkylven kommune seg at Agenda i si utgreiing konkluderer med at det ikkje er mogleg å rekne seg fram til om utbygging i dei aktuelle fareområda er samfunnsøkonomisk lønsamt. Då rimer det dårleg at departementet set som krav at det skal gjennomførast samfunnsøkonomiske kost-nytte analysar for nye byggetiltak eller byggeområde..

Kommunen merkar seg også at risiko for materielle tap først og fremst er knytt til omfanget av eksisterande bebyggelse (Agenda).

#### **4.ledd – Om mindre tilbygg og påbygg til eksisterande byggverk**

##### **Forskrifta**

Mindre endringar kan utførast utan plan, så langt det ikkje fører til auka tal bueiningar eller auka tal brukarar av bygninga.

##### **Merknad**

Departementet føreset minst 72 timars varslings tid. Liv og helse er ivareteke gjennom overvaking, varslings og lokale beredskapsplanar.

Auken i dei materielle verdiar knytt til mindre bygningsendringar som der her er tale om, vil vere marginale jfr. verdien av eksisterande bygningsmasse.


Ut frå dette meiner Sykkylven kommune at mindre endringar på næringsbygg og forretning/bustadbygg må kunne godtakast, sjølv om det vil kunne medføre endring i tal brukarar av bygga.

For Sykkylven kommune vil dette vere svært viktig med tanke på ei fleksibel utvikling av sentrumsområdet, der vi stort sett har forretningsbygg med bustadar i øvste etasjane.

Det vil vere like viktig for industrien i strandsona. Bedriftene her har små utvidingsmuligheiter. Dei er avhengige av å kunne gjere mindre endringar innafor eksisterande bygningsmasse for å tilpasse seg ei stadig endra teknologisk utvikling, endringar i marknaden osb.

Med helsing

  
Ole Johan Lillestøl  
rådmann

  
Njell Hoftun  
planleggar